

Tabu er årets tema, og tabu er saker vi ikkje snakkar om – anten fordi vi er redde, fordi det er forbode, eller fordi det er skammeleg. Det går meir og meir opp for meg kor heldige vi er, som bur i eit fritt, ope land med ytringsfridom, der verken kritikk av styresmakter eller kritikk av religion er tabu.

I mai i fjor deltok eg på ei markering i Oslo av verdensdagen for pressefridom, der den tyrkiske journalisten og spaltisten Kadri Gürsel snakka om forholda i sitt heimland. Eg har tenkt på det etter denne samlingsa; for meg er ytringsfridom eit interessant tema – for Kadri er det blodig alvor. Fridomen til å seie og meine det du vil, til å kritisere styresmaktene er ein sjølv sagt rett her i Norge. Det er det slett ikkje i mange andre land.

Nokre månader etter samlingsa i Oslo vart Kadri arrestert, saman med mange andre journalistar og redaktørar i den tyrkiske avisa Cumhuriyet.

Kadri sit framleis fengsla, utan tiltale, utan dom, saman med mange andre. Han nytta seg av fridomen til å kritisere styresmaktene i ein redaksjonell kommentar i avisa, ein fridom som for meg er ein sjølv sagt rett kvar einaste dag.

Å kjempe for retten til frie ytringar – kostar. For enkelte kostar den livet. Vi i Norge, som ligg på verdstoppen både når det gjeld ytringsfridom og pressefridom, må bruke denne fridomen til å kjempe for andre.

No i juni kom det ein rapport om status for ytringsfridom i Norge, og i den er der nokre tankevekkande funn. I Norge er det ikkje lovverk eller styresmakter som avgrensar ytringsfridomen; som avgjer kva som er tabu og kva vi kan snakke om. Det er oss sjølve. Den største faren for ytringsfridomen i Norge, er vår eigen sjølvensur: At vi blir redde for å snakke om vanskelege tema. Ikkje fordi vi risikerer straff, men sosial fordømming.

Rapporten, som er laga på oppdrag av Fritt Ord, avdekka redsel for stigmatisering og stempling, til dømes i diskusjon om innvandringspolitikk og religion. I redsel for å seie noko feil, og bli stempla som umoralsk eller rasistisk, er det mange som ikkje våger å gi uttrykk for meiningane sine. På denne måten kan det oppstå spiralar av stillheit, der viktige samfunnstema ikkje blir debattert. Fenomenet Spiralar av stillheit er ein teori utvikla av den tyske statsvitaren Elisabeth Noelle-Neumann. Den handlar om at mange let vere å gi uttrykk for meiningar som ikkje blir delt av

fleirtalet, fordi dei er redde for å bli isolerte og utstøytt. Resultatet blir stor grad av sjølvensur.

Eit feil ord. Ei lita gjennomtenkt ytring, og så kan ein risikere å få ein merkelapp som definerer ein ut av det gode fellesskapet. Det kan virke skremmande.

Når folk blir redde for å ytre seg, så taper demokratiet. For vårt demokrati er basert på verdien av usemje. Det at vi menneske ser stykkevis og delt, og kan kjempe for vårt syn, og samtidig ha respekt for kvarandre – det gir samfunnet energi

I eit demokrati er det viktig å få fram meiningane til dei som er i mindretal. På slutten av 1800-talet vaks det fram fleire motrørslar som fekk stor innverknad på utviklinga av Norge. Målrørsla, fråhaldsrørsla og lekmannsrørsla var tre av dei. Det er framleis bruk for motstemmer i den offentlege debatten. For når alle tenker likt – ja så blir det eigentleg ikkje tenkt så veldig mykje – og eit fleirtalsdiktatur er vi ikkje tent med.

Vi kan gjerne vere rykande ueinige - men vi argumenterer med ord. Aldri med vald.

Det vi skal vere på vakt mot er ord som fråtek andre menneske sjølv menneskeverdet. Når flyktningar blir omtala som skadedyr, eller når såkalla vantru blir

omtala som skabbete bikkjer – då dehumaniserer vi andre menneske. Det må vi passe oss for. Alle ideologier som deler menneske inn i verdige – og ikkje verdige , førsterangs og andrerangs borgarar, herremenneske og undermenneske – alle ideologier som graderer menneskets verdi, vil eg bruke min ytringsfridom til å kjempe mot. For ALLE menneske er like verdifulle, uavhengig av rase, kjønn, religion, legning, økonomi, status.

Kva er tabu i vårt samfunn?

Det er ikkje styresmaktene som innskrenker ytringsfridomen i Norge, slik som i Kina og mange andre land. Vår utfordring er at vi sjølve kan innskrenke den ytringsfridomen vi lovmessig har. Eit raust og ope offentleg ordskifte er avgjerende for at vi skal ha ei ope og levande demokrati.

Ytringsfridom kombinert med Norges vakraste ord – kjærleik - gir oss den beste oppskrifta på eit godt samfunn. Ytringsfridom og nestekjærleik. Å kjempe med **ord** for det vi trur på – samtidig som vi vil kvarandre vel – det bygger eit solid fundament av tillit.

Derfor er ord viktige.

Derfor er de all grunn til å **feire** språket vårt.

